

Aktivitetsplan 2007

Dato	Arrangement	Komite
12. mai	Dugnad	
17. mai	Marsjering	
2. jun	Dugnad	
8. -10 juni	Øving speling i Måløy	Eirik
21. aug	Øvingsstart:	
8.-9. sept	Prosjekt drømmekonsert	Idar
28. okt	Basar:	
16. - 18. nov	Øvingshelg:	Idar
2. des	Julegrantenning	
16. des	Julekonsert	
28. des	Juletreffest	
5. jan	Nyttårskonsert.	Idar
1. til 3. februar	Øvingshelg	Eirik
7. til 10.	Norgesmeisterskap	Eirik



På kryss og tvers med VG

Prøv VG-kryss

Vannrett:

1. Vokste
5. Glipper
6. Farget

Loddrett:

1. Kommer fra høna
2. Utspekulert
3. Ikke fra
4. Terg

	1	2	3	4
1				
5				
6				

Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Dr. 5

14. årgang

Laussal: Gratis

Mai 2007



Vêret er inga hindring. Det blir 17. mai i Vågsvåg og Holvik uansett om sola skin, om det bles eller regnar. I år, som dei siste åra, så samarbeider dei to bygdene i vest om nasjonalfeiringa. Det er flott. Torskangerpoll Musikklag og Holvik Skulekorps spelar i lag i tog i begge bygdene. Og som dei siste åra så samarbeider bygdene om tidene for andre aktivitetar. I år blir folketog og folkefesten i Vågsvåg på føremiddag, og folketog og feiring i Holvik på ettermiddagen.

Programmet er i grove trekk slik:

07:30: Morgenprosesjon på lastebil frå Oppedal med Torskangerpoll Musikklag

08.00: Flaggheising i Holvik med Holvik Skulekorps

11.00: Folketog i Vågsvåg frå grendehuset.

Leikar og folkefest med tale etter toget

15.00: Folketog i Holvik

Leikar, konsert med Holvik Skulekorps og tale etter folketog.

God 17. mai til alle.

www.torskangerpoll.no

Konsert "DRØM" i Torskangerpoll 8. september

TPM sin drømmekonsert fekk to sidars flott omtale i Norges musikkorps forbund si landsdekkande Korpsavis med bilder og tekst. Øyvind Storheim sit i Bergen som prosjektleiar, og organiserer også førehandsomtale og markedsføring. Idar held for tida på med innspurten på notane. 8. - 10. juni er det på nytt øvingshelg der Eirik Gjerdevik er på plass for å starte finpussen på det musikalske. Vi er og svært glade for at Våge - Oppedal bygdela har sagt seg villig til å hjelpe til med arrangementet. Føl med i VG på den vidare planlegginga av arrangementet.

Tradisjonell 17. mai.

Musikklaget vil også i år ha morgenprosesjon frå Oppedal til kaia. Frammøte i Oppedal 07.15. Folketog i Vågsvåg ilag med Holvik skulekorps. Frammøte kl 10.45. Folketog i Holvik ilag med Holvik skulekorps. Frammøte kl 14.45.

Dugnad på Gravdal skule laurdag 12. mai og laurdag 2. juni

Det er sett opp to dugnadslaurdagar i Gravdal i vår, og vi oppmoder folk utanom korpset å melde seg på å ta eit tak i triveleg miljø ein eller begge desse to dagane. Bygda og huset fortener at Gravdal er i god stand. Musikklaget sine medlemmer må melde seg på minst ein av dagane på førehand slik at vi veit kor mange det blir, og at arbeidet kan organiserast. Maling, snikking, notearkivrydding, bordvedlikehald, uniforms-effektarbeid, instrumentsjekk, lagerrarbeid, permarkivgjennomgang, vasking og rydding står for tur. Gje beskjed til Johan tlf 91128027 om du blir med.

Kjerringråd mot uråd



Vann og Alkoholisme:

- For å rense vannet vasker man det. Man kan også koke vannet, og så piske det med en gaffel etterpå for å få ut støvet, froskene og alle de andre bakteriene.
- En annen måte å få vannet drikkelig på er å helle rødvin opp i det.
- Det hender rett som det er at alkoholikere ikke kjenner seg selv, og at de mister hukommelsen når de er fulle av promille. Der for kan en alkoholiker begå selvmord om kvelden for så å ha glemt det hele neste morgen.

Holvik og Vågsvåg på spaniatur



Nyleg var 75 store og små frå Holvik og Vågsvåg på ein flott familietur til Mallorca i Spania i regi av Holvik Skulekorps. Over er alle som var med, med eit par unntak. Turen varte ei veke. Holvik Skulekorps heldt to konsertar. Ein i ei grotte og ein på hotellet vi budde på. Gokartkøyring var eit av høgdepunkta for mange. Seks år gamle Anders Sætren (til høgre) imponerte og sjarmerte som trommeslagar på ein melodi under konserten. Tommy (under til høgre) var kanskje den mest uheldige som stupte i eit basseng med alt for lite vatn. Prestasjonen vart heidra med eigen sang til Tommy som var i storhumør. Bortsett frå litt buss- og trommekasseforviklingar var det ein flott tur.

